



KVINNHERAD
K O M M U N E



Trygg og god skulestart

Rutine for overgang barnehage - skule

Innhold

Innleiing	3
Årshjul - samarbeid barnehage-skule	4
Å vera eldst i barnehagen - skulekamerat	5
Frå eldst til yngst – førsteklassing.....	6
«sånn hadde me i barnehagen òg»	6
Årshjul - barn med varige og omfattande behov.....	8
Årshjul - barn med minoritetsspråkleg bakgrunn.....	9
Samtykke til utveksling av informasjon	11
Kjelder og ressursar.....	7
Nasjonale føringar:	7
Ressursar:	7
Verktøy:	7
Skjema:	7



Innleiing

I løpet av dei åra barna er i utdanningsløpet, må dei gjennom fleire overgangar. Dette er viktige milepålar i livet. Skulen skal samarbeide med barnehagen om barna sin overgang frå barnehage til skule og SFO - samarbeidet skal bidra til at barna får ein trygg og god overgang jf. bhl §2a, opply §13-5.

Overgangen frå barnehagen til skule er for mange barn spanande og positiv. Mange ser fram til nye utfordringar, meistrar det ukjente og får lett nye vene. For nokre barn kan overgangen bli vanskeleg, barn kan streve med overgangar og det å møte noko nytt. For desse barna er det særskilt viktig at vaksne samarbeider godt og at det vert jobba systematisk for å sikre ein trygg og god samanheng frå barnehage til skule. Tilsette i barnehage og skule, saman med foreldre, må leggje til rette for at barnet møter skulen med tryggleik og tru på eigne føresetnader.

Barnehage og skule har ansvar for omsorg, danning, leik og læring, og at dette skjer i eit inkluderande fellesskap. Barna skal oppleve at det er samanheng og kontinuitet frå siste året i barnehage til første året på skule og SFO. For å lukkast med dette må barnehage og skule kjenne til kvarandre sin praksis. Skulen må byggje vidare på kunnskapar og erfaringar frå barnehagen.

Føremålet med denne kommunale planen er å sikre at samarbeidet mellom barnehage og skule gir ein trygg og god overgang for alle barn i Kvinnherad kommune. For å sikre systematikk i arbeidet, er det utarbeida årshjul. Dei ulike årshjula synleggjer aktivitetar, tiltak og ansvar. Dette er standard for minste praksis, og gjeld for barnehagar og skular i heile kommunen.

Barnehagar og skular samarbeider og utarbeidar lokal plan. Foreldre, barn og føresette skal vera aktive partar i dette samarbeidet. Rektor og styrar skal involvera aktuelle tilsette i arbeidet.

Årshjul - samarbeid barnehage-skule

TID	AKTIVITET - TILTAK	ANSVAR
August	<p>Oppstart av skulekameratgruppa i barnehagen</p> <p>Planmøte mellom skule og barnehage/ar</p> <p>Årsplan for samarbeid barnehage-skule</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ tiltak – ansvarsfordeling <p>Barn med behov for særskild tilrettelegging t.d.:</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ barn med spesialpedagogisk hjelp/tilrettelegging i barnehagen ○ språkutvikling og eller minoritetsspråklege ○ psykisk- og fysisk miljø ○ rammer, kompetanse og ressursar 	<p>Styrar</p> <p>Innkalling: Rektor Deltakarar: rektor, styrar, ped. leiar og lærar</p> <p>Ansvar: styrar informerer rektor 2 år før skulestart</p> <p>Sjå eigne prosedyrar (Compilo)</p>
September	<p>Informasjon til foreldra</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ fokusområde - siste år i barnehagen ○ plan for trygg og god overgang <p>Fadderordning i skule/SFO</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Besøk i skule og SFO ○ Delta på felles aktivitetar 	Styrar
Oktober	Felles aktivitet mellom barnehagar og eller fadderklassen	Jf. lokal årsplan for samarbeid
November	Felles aktivitet mellom barnehagar og eller fadderklassen	Jf. lokal årsplan for samarbeid
Januar	<p>Drøftingsmøte barnehage/ar – skule</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ evaluering av samarbeidet ○ avtale: <ul style="list-style-type: none"> – innskriving – førskuledagar – tid for overføringssamtale 	<p>Innkalling: Rektor Deltek: rektor, styrar, ped. leiar og lærar</p>
Februar	Innskriving – nye førsteklassingar	Rektor
	Felles aktivitet	Jf. lokal årsplan for samarbeid
Mars	Felles aktivitet	Jf. lokal årsplan for samarbeid
April	<p>Foreldremøte med komande 1. klasseforeldre</p> <p>Felles aktivitet</p>	<p>Rektor</p> <p>Jf. lokal årsplan for samarbeid</p>
Mai/juni	<p>Førskuledagar</p> <p>Overføringssamtale barnehage – skule</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ skjema (Mal i Visma Sikker Sak) <p>1.klasselærar hospiterer i barnehage</p>	<p>Rektor</p> <p>Invitasjon: Rektor Deltek: foreldre – barnehage – skule/SFO</p> <p>Rektor avtalar med styrar</p>
Juni	<p>Overføring av dokument og stafettloggar frå barnehage til skule. Send via Visma Sikker Sak Hugs samtykke frå føresette</p> <p>Evaluering av lokalt århjul for samarbeid</p>	<p>Styrar</p> <p>Rektor, styrar</p>

Å vera eldst i barnehagen - skulekamerat

Barnehagen skal legge til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og dugleikar som kan gi dei eit godt grunnlag og motivasjon for å byrja på skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte, og at dei møter skulen - underande og med tru på eigne evner. Barnehagen skal ta omsyn til at det i ei barnegruppe er skilnad ut frå utvikling, modning og interesser. Barna må møtast ut frå eigne føresetnader og eigenart.

Personalet skal:	
Trygge og varme relasjonar	<ul style="list-style-type: none">○ Møte alle barn med varme og interesse, og vise omsorg for kvart einskild barn○ Møte barns ulike uttrykksformer○ Sørge for at alle barn opplever tryggleik, tilhørighet og trivsel i barnehagen
Leik og læring – hand i hand	<ul style="list-style-type: none">○ Bidra til at barna får felles erfaringer som grunnlag for leik og aktiviteter○ Legge til rette for utvikling og leiketema○ Organisere rom, tid og leikemateriale for å inspirere til ulike typar leik○ Ta initiativ til og delta i leik slik at alle er inkludert i leiken
Barna øver på:	
Sjølvstende	<ul style="list-style-type: none">○ presentera seg med namn og kor ein bur○ kle på og av seg sjølv, både kle og sko○ passa på tinga sine – rydda i eigne saker○ eta sjølv – handtera bestikk○ handvask/hygiene og kunna gå på do sjølv
Sosial kompetanse	<ul style="list-style-type: none">○ ta og halda kontakt med andre på ein positiv måte○ kunna utsetja eigne behov – venta på tur○ uttrykkja kjensler og hevda eigne synspunkt på god måte○ ta omsyn og visa omsorg○ læra/retta seg etter leikereglar/-kodar○ takla konfliktar○ Inkludera andre barn i leik
Konsentrasjon	<ul style="list-style-type: none">○ ta imot kollektive beskjedar○ omsetja beskjedar til handling○ kunna sitja i ro ei viss tid○ starta – gjennomføra – avslutta ei oppgåve
Språk	<ul style="list-style-type: none">○ godt munnleg språk○ fortelja/gjera seg forstått med ord○ leika med ord: rim, regler, rytme, orddeling....○ lytta til og gjenfortelja frå høgtlesing○ omgrep: først/sist – oppe/nede – over/under○ bokstav- og lydleik
Førebuande skriving	<ul style="list-style-type: none">○ halda blyanten rett○ rett skrive- og leseretning○ skriva namnet sitt
Tal – rom – form	<ul style="list-style-type: none">○ talomgrep 1 – 10 – – første, andre, tredje ...○ tidsomgrep: i dag – i går – før/etterpå○ form: størst/minst – sirkel/kvadrat/trekant....○ fargar○ orientera seg i retning

Frå eldst til yngst – førsteklassing

Barna skal kjenna tryggleik når dei byrjar på skulen. Eleven skal oppleva samanheng og utvikling frå det siste året i barnehagen til det første året i skulen/SFO.

Å vera yngst og ny i skulen inneber at eleven....	<ul style="list-style-type: none"><input type="radio"/> vert møtt og sett av dei vaksne kvar dag<input type="radio"/> får tildelt ein fadder<input type="radio"/> får tid til å bli kjent med rutinar<input type="radio"/> får rettleiing i arbeidet<input type="radio"/> får tid til leik inne og ute
Sosial kompetanse Elevane øver på å	<ul style="list-style-type: none"><input type="radio"/> ta kontakt med andre på ein positiv måte<input type="radio"/> inkludera andre barn i leik<input type="radio"/> vera del av eit fellesskap<input type="radio"/> ta omsyn og syna omsorg<input type="radio"/> samhandla med andre<input type="radio"/> læra seg å handtera kjensler<input type="radio"/> hevda eigne synspunkt og å akseptera andre sine<input type="radio"/> opptre for publikum og sjølve vera publikum
Konsentrasjon Elevane øver på å	<ul style="list-style-type: none"><input type="radio"/> ta imot beskjed<input type="radio"/> sitja i ro ei viss tid<input type="radio"/> starta – gjennomføra – avslutta ei oppgåve<input type="radio"/> venta på tur<input type="radio"/> kunna regelleikar<input type="radio"/> godta uskrivne reglar i leik<input type="radio"/> kunna lytta til og visa interesse for det andre fortel
Språk og kommunikasjon Elevane får auka kompetanse ved å....	<ul style="list-style-type: none"><input type="radio"/> uttrykkja seg munnleg<input type="radio"/> arbeida med rim, regler og rytme<input type="radio"/> bruka tid på å lytta til lydar: først, sist og midt i ord<input type="radio"/> arbeida med stavingar i orda<input type="radio"/> læra lydane i alfabetet<input type="radio"/> bli visuelt stimulert av skrift i omgjevnadene<input type="radio"/> øva/gradvis ta skriftspråket i bruk og læra å lesa
Tal, rom og form Elevane skal....	<ul style="list-style-type: none"><input type="radio"/> arbeida med dagar, månader og årstider<input type="radio"/> kunna sitt fulle namn<input type="radio"/> vita når fødselsdagen er<input type="radio"/> kunna adressa si<input type="radio"/> arbeida vidare med former (rektagel, kule, kjegle....)<input type="radio"/> arbeida med tal og mengder, og etter kvart addera og subtrahera

God samanheng - sånn hadde me i barnehagen òg

At barna kjenner att materiell og aktivitetar som er nytta i barnehagen når dei startar i skulen, kan vere med å skape tryggleik. Dette kan t.d. vere; songar, rim og regler, spel, puslespel, bøker, fortellingar, figurar, leiker, prosjekt... Innhaldet kan vere fast frå år til år, eller det kan tilpassast årleg, etter tema og innhald, og etter samtale med barn.



Kjelder og ressursar

Nasjonale føringer:

[Rammeplan for barnehage](#)

[Rammeplan for SFO](#)

[Kunnskapsløftet - læreplanverket](#)

Ressursar:

Udir:

[Overgang for barn/ unge med spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning](#)

[Overgang fra barnehage til SFO](#)

[Tilrettelegging for barn og elever med behov for ekstra støtte \(udir.no\)](#)

Statped:

[Overgangar](#)

[Begynne i barnehage og skole | statped.no](#)

Læringsmiljøsenteret (UiS):

[Hvordan-gi-forsteklassingene-en-best-mulig-skolestart](#)

[Agder prosjektet – en god start for alle](#)

[Språkløyper](#)

[Overgang fra barnehage til skole med fokus på de flerspråklige barna](#)

Bufdir: [Vennskap i barneskoleårene](#)

NAFO: [Informasjonshefte: Barn i fleirspråklege familiar](#)

IMDi: [Integrerings- og mangfaldsdirektoratet](#)

[Tolketeneste](#)

FUB: [FUB - Et nasjonalt utvalg for foreldre med barn i barnehage \(foreldreutvalgene.no\)](#)

FUG: [FUG - Et nasjonalt utvalg for foreldre med barn i skolen \(foreldreutvalgene.no\)](#)

Verktøy:

[BTI- handlingsrettleiaren](#)

[Stafettlogg](#)

[Infovest: Kartlegging av språkferdigheter](#)

[TRAS – observasjonsskjema - språk](#)

[Alle med - observasjonsskjema](#)

Skjema:

Samtykke (elektronisk): Visma Sikker Sak- barnehage

Overgangsskjema frå barnehage til skule: Visma Sikker Sak - barnehage